

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Deres ref.:
Vår ref.: 11498799

Dato: 23.01.2015

Svar på høyring om søknadar om løyve til å byggje 6 kraftverk i Vaksdal og Voss kommunar, Hordaland

Visar til brev frå NVE 16.desember 2014 som omhandlar søknadar om løyve til å byggje 6 småkraftverk i Vaksdal og Voss. Alle dei aktuelle kraftverka er i BKK Nett sitt utgreiingsområde, medan berre 5 av dei er i vårt distribusjonsnett.

BKK Nett er utgreiingsansvarleg for det regionale kraftsystemet i «BKK-området og Indre Hardanger» og er i tillegg netteigar av regional- og sentralnettet i denne regionen. BKK Nett er òg eigar av store delar av distribusjonsnettet i denne regionen. BKK Nett eig ikkje distribusjonsnett i Voss kommune, men kommunen er omfatta av utgreiingsområdet vårt.

Oddmundsdalen kraftverk og Skarvagrovi kraftverk ligg i vårt distribusjonsnett og vil mate sin produksjon inn mot transformering i Kaldestad. Sædalen kraftverk ligg i vårt distribusjonsnett og vil mate sin produksjon inn mot transformering i Samnanger. Moko kraftverk og Markåni kraftverk ligg i vårt distribusjonsnett og vil mate sin produksjon inn mot transformering i Dale. Møyåni kraftverk ligg i Voss Energi sitt distribusjonsnett, men under vårt utgreiingsområde.

For å kunne gje nettilknytning til dei planlagde kraftverka i vårt området er det nødvendig å bygge ut nettet. Nettiltak i regional- og sentralnettet er presentert i Kraftsystemutgreiinga (hovudsakeleg i tabell 5.1 og 6.5), som ligg på www.bkk.no/kraftsystem.

BKK Nett er òg i gang med ein analyse for å kartlegge nødvendige tiltak i distribusjonsnettet for å etablere nettkapasitet til alle kjente kraftverk i vårt område. Analysen er forventa ferdigstilt i løpet av februar. Me har fortløpande kontakt med kraftverksutbyggjarar om resultat i denne analysen. Oddmundsdalen, Skarvagrovi, Sædalen, Moko og Markåni kraftverk inngår i denne analysen.

Venleg helsing

BKK NETT AS

Øystein Randal Berge
Seksjonssjef

Ruth Helene Kyte
Rådgjevar